

Klassikaren går 11. april

29.03.2010



Slik opplevde Kristian Bringedal Ulvanåso sist han var der.

Skituren til Ulvanåso har vorte ein klassikar i turprogrammet til Kvinnherad Turlag og dette året går han sundag 11. april - altså sundagen etter påske. Svein Bergseth og Ove Stokka er turleiarar og tek i mot påmeldingar (920 54676 og 977 96087).

Som vanleg startar turen i Tveitedalen på Utåker og går via Dyrrindo til Høgetinden, som ragar 1246 meter over havet. Det er frammøte i Tveitedalen klokka 9.30.

Ellers føreligg turprogrammet i trykt versjon og er som det plar vera - svært imponerande. Det neste, spanande opplegget er turen over Folgefonna 1. og 2. mai, som går frå Godalen til Rosendal med overnatting på Fonnabu. Det kan bli justeringar i ruta etter veret. Kjell Yri og Sturla Helland skal vera turleiarar.

8. mai er oppturen for alle åttandeklassingane med Nordfjell som turmål og start ved Søsterheimen på Valen.

30. mai står fottur til Tungesvikkhodnet på programmet. Det er i Skåneviksfjella og det er felles skyss til toppen av Hålandsheia.

13. juni er neste 'knagg' som ein bør merka av i kalenderen: Turen Bakka-Måvatn-Bråtun i Gjetingsdalen og 27. juni er det fottur til øvre Myrdal. Det er rotur over vatnet og kulturvandring med Kaare Skaala som guide.

På den andre sida av sommaren fristar programmet med telttur i Ænesdalen og Furebergdalen allereie 31. juli og 1. august. Det er ein flott rundtur i eit noko ukjent terrengr i nasjonalparken.

Ei veke seinare er det ein tur som sikkert vil frista mange - Hardangervidda Vest frå 5. til 8. august. Ei veke etterpå er det tur til Trolltunga ved Tyssedal og då med trallebanen i Skjeggedal hvis forholda tillet det. 21. og 22. august blir det fottur til 'Vinduet' i Bondhusbrea og helga 27-29. august kan ein oppleva Åkrafjorden!

Og så går det slag i slag utover hausten med tur til Juklavasskruna/Bjørndalstind, oppdagaferd ved Botnabra, breopplevingshelg på Folgefonna og til slutt turleiarkurs 17.-19. september.

I tillegg til dette spanande programmet kjem så programma til dei ymse gruppene. Til dømes skal Barnas Turlag

5.11.2020

Uskedal Utvikling

ha orreleikur 1. og 2. mai - med frammøte på Haugland. Bjørn Olav Tveit er turleiar, men denne turen kjem vi attende til.

Av Ola Matti Mathisen



Nåsoturen har vorte ein klassikar.